

SABIMA kartleggingsnotat 11-2014

Kartlegging av storsopp i Hornindal og Stryn, 5.09 - 7.09 2014

Av Harald Eriksen



Kartlegging av storsopp i Hornindal og Stryn, 5.-7.09 2014

Det blei gjort om lag 110 sikre observasjonar av storsopp fordelt på eit enno ikkje opptalt tal artar. I tillegg kjem observasjonar gjort av deltakarane på veg til og frå samlinga. Av desse er fem rødlista artar.

Emneord: Storsopp, kartlegging, Sunnfjord sopp- og nyttevekstforeining, Hornindal, Stryn

Sunnfjord sopp- og nyttevekstforeining gjennomførte samling for soppsakunnige og andre soppkunnige resurspersonar i Sogn og Fjordane. Samlingstad var Hornindal der det ved tidlegare høve er funne fleire raudlisteartar ved Kjøshammaren.

Kartlegging og inspirasjon til større kunnskap

Utanom sjølve kartlegginga var målet for samlinga å få fleire med på kartleggingsarbeidet. Soppforeiningen i Bergen var invitert men hadde ikkje høve til å stille. Totalt var det 12 deltakara men nokre av desse deltok berre på deler av samlinga.

Deltakarane møtte fredag kveld på Knausen Hyttegrend der ein ombygd låve stod til disposisjon for studier av sopp og sosialt samvære. Deltakarane hadde med funn dei hadde gjort i forkant, mellom anna 2 sjeldne og rødlista artar, sumpfiolbeger, *Ascocoryne turficola* og seig østerssopp, *leurotus dryinus*.




Sumpfiolbeger Ascocoryne turficola, Foto:

Tina Buer




Kart over området ved Kjøshammaren, Hornindal

Laurdag var avsett til kartlegging i området ved Kjøshammaren. Deltakarane observerte og kartla artar i området på sørsida av denne, frå tunnellini-slaget og vestover til Skjerneset. Det vart registrert eit antal artar, i tillegg vart det observert ein god del slørsoppartar m.m. som ingen av deltakarane klarde å artsbestemme. Tre ulike artar sjeldne piggsoappar vart funne.



Kart over området ved Ulvedal, Stryn

Seinare på dagen vart det ein liten kartleggingstur til Ulvedal, Blakseter i Stryn, der vi undersøkte eit plantefelt av gran i hellinga over Nordfjorden. For dei fleste var funn av seig høstmorkel, *Helvella elastica*, i eit uttørka elveleie eit nytt bekjentskap. Kvelden gjekk til å tilberede og nyte litt av dagens fangst, samt freiste identifisere nokre av dei ukjende funna frå dagen.



Notat frå laurdag (side 1 av 8)

Registrering i Artsobservasjoner.no

Grunna dårlege internett tilhøve vart det ikkje lagt inn observasjonar i Artsobservasjoner.no. Deltakarane har i ettertid fått ansvar for å legge inn ein del av observasjonane kvar. Diverre slit vi med dårleg nettdækning mange stader, og det tek svært mykje tid og hausten er svært travel. Observasjonane er sikra og det er teke belegg av dei mest interessante observasjonane. Oppfølging og sikring at alt blir registrert vil bli gjort.

Soppens dag

Søndag ettermiddag arrangerte deltakarane soppens dag på Nordfjordeid med utstilling av ein del av laurdagens funn. Sjølv om det ikkje var så stort frammøte fekk me likevel fronta soppregistreringsarbeidet på ein fin måte, med anna med oppslag i Fjordabladet som laga ein flott reportasje. Også på heimvegen vart det nokre stopp for å sjekke ut kva som kunne finnast, mellom anna ved Breimsvatnet.